



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18604 - 20/77564

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
07.12.2020

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - Gbnr 107/7 Kolås

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg
Byggestad: Kolåsvegen – Gbnr 107/7
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkar: Alver kommune v/Bente Kopperdal Hervik

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg for parkeringsplass med 25 biloppstillingsplasser datert 30.11.2020.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. Parkeringsplassen skal utvidast frå ca 10 plasser til 25 plasser. Parkeringsplass skal være for turgåarar i Kolåsfeltet og er for personbilar.

Vurdering/drøfting:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg som, etter Veglova, er sett til 15 meter frå midt kommunal veg. Det vert søkt om dispensasjon for parkeringsplass med ei minste avstand frå midt kommunal veg på 4,0 meter.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559


Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Tiltaket må plasserast slik at det ikkje kjem i konflikt med avkjørsla sin siktzone. Siktzone i avkjørsla er satt til 3 x 20 meter. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller til etablering av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå.



Mellom parkeringsareal og kommunal veg skal det være grøfteareal og areal til snøopplag ved brøyting av kommunal veg.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 29, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom næraste del av parkeringsplass og midt kommunal veg skal være minimum 4,0 meter.
- Parkeringsplasser skal være etablert slik at den ikkje kjem i konflikt med siktzone til avkjørsla.
- Overvatn frå parkeringsplass skal ikkje førast til veggrøft eller ut på kommunal veg. Overvatn skal ledast til terreng eller inn på kommunalt overvassnett.
- Ei føresetnad for dispensasjonen er at det vert gitt byggeløyve for tiltaket etter plan og bygningslova.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot ved. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg oppstår skader, er dette kommunen uvedkommande.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket er søknadpliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG